

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
084/14	Plan- og miljøutvalet	PS	18.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nils Kaalaas	14/4866

Søknad om midlar til bestandsretta hjorteviltforvaltning

Vedlegg:

VS Invitasjon deltaking til hjorteprosjekt
Forvaltning av hjortebestand 2013-2017 endeleg
hordahjort_inndeling_a4

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert synt til saksutgreinga og Lindås kommune løyver 25.000 kroner over det kommunale viltfondet til prosjekt Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017.

Plan- og miljøutvalet - 084/14

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Det vert synt til saksutgreinga og Lindås kommune løyver 25.000 kroner over det kommunale viltfondet til prosjekt Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Plan- og miljøutvalet,

Bakgrunn

Merkeprosjektet i regi av Hordahjort, der dei fleste av kommunane i Hordaland og kommunane på sørsida av Sognefjorden var med, vart avslutta i 2013. Merkeprosjektet skulle avdekka hjorten sine trekkruiter og bruk av areala. Resultata frå dette og andre merkeprosjekt syner at forvaltning av ein hjortebestand ikkje kan styrast innafør vald og kommunegrenser.

Ansvar for hjorteviltet har over tid endra seg frå å vera statleg til å verta kommunal og no meir og meir gått over til at ansvaret skal vera hjå grunneigar.

Den nye hjorteviltforskrifta har som mål og opnar for å få til eit organisert samarbeid som sikkrar bestandsvis forvaltning av hjorten. Hjorteviltforskrifta opnar for at bestanden skal forvaltast etter bestandsplanområde og ikkje etter kommunegrenser. Når det no kan sjå ut til at veksten i hjortestamma har flata ut, er det meir påkrevd at vi har ei forvaltning som styrer bestanden slik at den kan haldast på eit berekraftig nivå. Dette har no grunneigar organisasjonane ved skogeigarlaga i Hordaland/Rogaland (Vestskog) og Sogn og Fjordane Skogeigarlag teke tak i gjennom å etablera «Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017» Arbeidet har så smått starta opp med at det er halde orienteringsmøter, der rettighetshavarane vart orienterte og var med sin kunnskap bedne om å koma med forslag om dei nye bestandsplan områda.

Arbeidet no framover vil verta å utarbeida felles bestandsplan for dei områder som har felles bestand.

Kostnad:

Arbeidet er ikkje gratis, og prosjektet har ei kostnadsramme på 3,9 millionar kroner, men då er Møre og Romsdal og med. Det er lagt opp slik at kommunane bidreg med 25.000 kroner kvar, men fylkeskommunane, og DN er og med å bidreg.

Vurdering

Med ein forvaltningsplan som omfattar hjortebestanden sitt leveområde, vil vi ha eit verktøy som gjer at vi kan nå målet med ein rettare forvaltning av hjorten på bestandsnivå. Med andre ord ein livskraftig bestand, på eit akseptabelt nivå. som gjev eit jaktmessig utbytte, der kostnaden med bestanden er mindre enn utbyttet.

